

Merknad til mindre endring av reguleringsplan Mangerbua II


Som det kjem fram i mottteken høyring om mindre endring i reguleringsplan datert 22.03.2017 ynskjer utbyggjar å endre føresegn 10.1 som omhandlar rekkefylgjekrav, noko administrasjonen også er positiv til.

I denne samanhengen har vi ein merknad som vedkjem f_L3 og området i tilknytning til f_L3, friluftsområde o_FLF2. Ved opparbeiding av f_L3 ser ein et som naturleg at også trygg og god tilkomst til o_FLF2 også blir sikra. I dette området finn ein fleire stadar som har vore nytta til både fading/fisking og anna friluftsliv både i gamal og ny tid. I dag har dette område meir eller mindre uråd å nytte (spesielt sør og vest i området – sjå utsnitt under). Trefall (skog rydda i forbindelse med utbygging), jordmassar m.m lagra ved/i sperra både tilkomst og mogelegheit til å ta seg fram i området. Dette kan ein sjå i bilete under, og føle endå betre på kroppen om ein tek turen ut i området.

Om ein tek omsyn til at det framleis vil gå lang tid før f_L3 og BB er opparbeidd og at i mellomtida ligg o_FLF2 med sterkt redusert tilgang finn vi det både som naturleg og til rådeleg at friluftsområdet blir rydda opp slik at det igjen kan nyttast og at tilkomst blir sikra med ei mellombels løysing fram til opparbeiding av f_L3. Dette vil vere hensiktsmessig både for dei som bur nærast, men også for alle dei som nyttar nærområdet sitt til tur og rekreasjon. Ser ikkje at tiltaket vil vere omfattande sett i lys av det uansett må ryddast i desse områda før tilbakeføring frå utbyggjar.

Blir det ovanfor nemnte ivareteke på ein god måte ser vi ikkje noko problem i å endre på rekkefylgjekrav i reguleringsplanen. Om ikkje ser vi ikkje korleis administrasjonen kan stille seg positiv.

Kartutsnitt av omtala område:



Bilete frå omtala område



Mvh

Nina Sætre
Idar Hersvik
Nedre Mangerbua 20
5911 Alversund